

SV sin plan for klimakutt: Ein grøn politikk for dei mange – ikkje ein grå for dei få

Verda står på randa av ei global miljøkrise som følgje av ein eskalerande klimatrussel og ei rask utrydding av planter og dyr. Klimatrusselen og naturødeleggingane vil forandre verda totalt om dei får fortsetje. Millionar av menneske vil bli driven på flukt, matproduksjonen vil trugast i store delar av verda og her heime vil vi oppleve langt større ekstreme vêrhendingar som flaum, tørke og uvêr. Dei som har gjort minst skade er dei som blir råka mest og hardast.

I 2014 vart verda samde om Parisavtalen der målet er å avgrense den globale temperaturauken til 2 grader samanlikna med før den industrielle revolusjonen, og aller helst avgrense oppvarminga til 1,5 grader. Går oppvarminga over 1,5 grader, vil vi ifølgje FNs IPCC-rapport stå overfor ein mykje større risiko for irreversible klimaendringar. Dette vil krevje store utsleppskutt på opp mot ei halvering av utsleppet i verda innan 2030. Gjennomsnittsnordmannen har nesten dobbelt så høge utslepp av klimagassar som gjennomsnittssvensken. Sjølv om vi ser vekk frå norsk olje- og gassproduksjon er utsleppa våre høgare. Regjeringa har kasta vekk fem verdifulle år på å ikkje sørgje for tiltak som når dei nasjonale klimamåla vi har sett oss. Dei utsleppreduksjonane regjeringa har fått til har kome fordi dei har tatt i bruk regnskogsødeleggjande palmeolje som har gitt auka utslepp andre stader på kloden. Prognosane frå regjeringa visar smålåtne kutt på 13 % fram mot 2030, altså langt frå det som blir kravd av oss. SV vil syte for nullutslepp av klimagassar, rein luft, vern av naturen og stans av forsøpling på land og i havet. Vi ser at stadig fleire engasjerer seg i klimaspørsmålet og krev endring. Barn og unge har sjølv teke tak og uttrykkjer uroa si gjennom «Skulestreik for klimaet».

Folk flest har interesse av ein kraftfull klimapolitikk. Vi vil alle bli råka av klimaendringane, medan berre nokre få har økonomisk interesse av å utsetje omstillinga som skal til for å stoppe dei. Direktørane og aksjonærene i dei store fossilselskapa motset seg endring, og marknadsøkonomien fører ofte til at det kortsiktig mest lønsame blir valt føre det langsiktig lønsame og naudsynte. No trengst ein grøn politikk for dei mange, ikkje ein grå for dei få.

Verda har i dag funne meir kol, olje og gass enn vi kan brenne og samstundes unngå alvorlege klimaendringar. Leiteverksemda etter meir olje og gass på norsk sokkel må difor opphøre og det kan ikkje tildelast nye felt til oljeselskapa.

Vi står òg oppe i ei global endring der fossil energi vil ha usikker lønsemd. Det å satse på stadig nye utbyggingar inneber ikkje lenger berre ein miljørisiko, men òg ein økonomisk risiko. Gjennom mellom anna leiterrefusjonsordninga og gunstige avskrivingsreglar tek fellesskapet på seg ein stor del av den økonomiske risikoen og fungerer som pådrivar for klimaskadelege og potensielt ulønsame for petroleumsinvesteringar. SV meiner at leiterrefusjonsordninga og andre subsidiar til fossilindustrien må opphøre.

Klimaavtalen regjeringa vil inngå med EU opnar for at Noreg kan la vere å kutte egne utslepp og i staden kjøpe kvotar frå andre land for å oppfylle utsleppforpliktingane våre. SV meiner Noreg i staden for må utarbeide ein strategi for å kutte egne utslepp og styre mot eit nullutsleppsamfunn. Manglande norsk omstilling vil truge konkurransekraft og norske arbeidsplassar.

Noreg må umiddelbart skjerpe klimapolitikken for å nå Stortinget sine klimamål for 2020, og Noreg må skjerpe klimamålet for 2030. Norske utslepp må kuttast med minst 60 prosent innan 2030. For å få til dette må alle sektorar i samfunnet bidra med kutt. Tida for at det er billeg å forureine er over. Planeten vi lever på har avgrensa med ressursar. Samstundes lever vi i eit samfunn som stadig krev auka forbruk, og skaper eit enormt kjøpepress som ikkje tek omsyn til naturen si bæreevne. Vi treng eit skifte i politikken og samfunnet vårt slik at økonomien heng saman med naturen og ikkje skader kloden sine økosystem. Det hjelp ikkje med haldningskampanjar om meir klimavenlege val om vi har ein bransje som stadig pressar på for aukande forbruk. Vi må ta eit politisk oppgjær med reklameindustrien.

For å lukkast i miljøkampen må vi kjempe mot dei aukande forskjellane både i Noreg og verda. SV vil samarbeide med fagrørsla og miljøørsla for å møte den store omstillinga vi no står overfor. Arbeidstakarane har viktig kompetanse som er avgjerande i omstillinga. Det må leggast fram ein plan for grøn omstilling der rettane til arbeidstakarane og arbeids- og lønsvilkår blir ivaretekne. Omskulering og etter- og vidareutdanning må tilbydast når det er behov for det. Det må førast ein aktiv omfordelingspolitikk som gjer at forskjellane blir reduserte kraftig, samstundes som prisen på naturødelegging og forureining går opp. Og det må førast ein omfordelende politikk, bort frå dyre vegar i sentrale strøk, flyplassutvidingar og fossilselskapa, og over til miljøløysingar for folk flest. Miljøløysingar som tog, kollektivtrafikk, gange, sykkel og utbygging av ein infrastruktur over heile landet som gjer at alle som kan, tek i bruk klimavenlege løysingar i kvardagen.

Framleis er halvparten av energiforbruket vårt fossilt. Gjennom energieffektivisering og ny fornybar energi frå mellom anna vind, sol og ein oppgradering av vasskraft, skal all energibruk i Noreg bli rein.

Utbygging av vindkraft har ført til store inngrep i naturen og konsekvensar for reindrifta. Det blir planlagt ei rekke nye utbyggingar som kan få store negative konsekvensar. No blir det laga ein nasjonal plan for vindkraft. Fram til den nasjonale planen er på plass, må behandlinga av alle nye vindkraftsøknadar stoppast. Denne planen må sikre verdifulle naturområde, biologisk mangfald og rettane til urfolk.

SV vil gå inn for å utsetje konsesjonshandsaming av vindkraftutbygging i samiske område fram til rettssituasjonen er avklart gjennom handsaming av Samerettsutval II.

Vindkraft må i likskap med stor vasskraft vere eigd av det offentlege. I dag er det inga avgrensing på kor stor del av eit vindkraftverk som kan vere på private eller utanlandske hender. SV meiner det må innførast krav om at minst 2/3 av det enkelte vindkraftverket er eigd av det offentlege. Når konsesjonane går ut skal ei eventuell vidareføring heimfalle staten.

SV meiner følgjande trengs for å til kraftfull klimapolitikk for dei mange i åra som kjem:

1. Noreg må ha ei styrt omstilling. Vi må stanse leitinga etter meir olje og gass og det skal ikkje delast ut nye løyve til petroleumsverksemd. I staden skal vi byggje ut ny, utsleppsfri industri.
2. Energibruken må bli meir effektiv gjennom krav, støtteordningar og avgifter. Norske fagarbeidarar skal vere verdsmeistrar i energieffektivisering. Energibruket til industrien skal bli meir effektiv. Vi brukar i dag for mykje energi, og energibruken må ikkje berre effektiviserast, men òg reduserast.
3. Vasskraftverk må oppgraderast for å auke kapasiteten og sikre produksjonen.
4. SV ser òg på bygging av flytande vindkraft som viktig, m.a. for elektrifisering av oljeplattformar og for utvikling av ein norsk, grøn vekstnæring innan maritim industri.
5. Det skal vere god tilrettelegging for gåande og syklende medan restriktive tiltak skal bidra til å redusere biltrafikken til eit minimum. Inntekter frå vegprising i byområde i framtida, og bompengar der dette allereie er innført, skal i hovudsak gå til tiltak som gjer det enklare å leve utan bil. Avgifter må kombinerast med tiltak som færre parkeringsplassar gjennomgåande kollektivfelt, gågater og ei styrt arealplanlegging. Kollektivreiser skal vere rimelege, sterkt subsidierte og med gode rabattordningar. I distrikta er det viktig at dei ulike kollektivtilboda bli saumlaust samordna mellom ulike driftsselskap og på tvers av fylkesgrenser.
6. Norsk industri skal vere verdslende i nullutslepp. I ei verd som tek miljøtruslane på alvor vil eit av Noregs fremste konkurransefordel for eksportretta industri vere strenge miljøkrav, høg kompetanse og betydelege heimemarknadar som etterspør produkt utvikla med teknologi i verdsklasse. Noreg skal difor bli verdslende på fornybar reduksjonsmiddel i metallindustrien og på utvikling av biologisk baserte kjemikalium og drivstoff. Ein sterk heimemarknad kan danne grunnlaget for ei ny eksportnæring. Noreg skal vidare vere verdslende på fangst og lagring av CO2 frå sementproduksjon og andre industriutslepp. Industrien skal ta ansvar for å attvinne og sortere farleg avfall frå produksjon, slik at behovet for deponering blir mindre og resursane i avfallet blir teke i bruk gjennom sirkulær økonomi.
7. Noreg skal bruke kompetansen sin innan marin og maritim industri til å ta i bruk berekraftige fossilfrie løysingar i sjøtransporten, som elektrisitet, biogass og hydrogen. For å få fortgang i omlegginga må maritim sektor betale for utsleppa sine, og det må setjast strenge miljøkrav til skip som skal segle inn i norske fjordar. Det offentlege må stille krav om berekraftige fossilfrie løysingar i eigne innkjøp, gjennom konsesjonar og anna regelverk.
8. Naturen må bevarast. Naturen tek opp og lagrar store mengder CO2. Denne evna må takast vare på og vernast mot øydeleggjande inngrep. Naturen dempar òg verknadene av ekstreme vêrhendingar som flaum og flodbølger og legg livsgrunnlaget for framtida.
9. Innføre klimaavgift på internasjonal luft- og skipsfart. Internasjonal luftfart og skipsfart må betale for utsleppa sine og pengane bør gå til dei som blir råka av klimaendringane. Noreg må difor ta initiativ til ein internasjonal konvensjon om karbonskatt på internasjonal luft- og skipsfart. Pengane bør gå til FN sitt grønne klimafond for klimatiltak og klimatilpassing i fattige land.
10. Noreg må investere pensjonspengane til innbyggjarane i klimaløysingar heller enn fossil energi. Difor bør oljefondet trekkje ut investeringane sine i fossil energi. Fondet skal ta i bruk ein ny referanseindeks for investeringar som ivaretek sosiale og miljømessige omsyn der minst 20% av investeringane er knytt til fornybar energi.

11. Maten skal produserast med minimale klimautslepp. Eit landbruk i heile landet er avgjerande for å sikre befolkninga god og variert mat. Bruk av utmarkressursane framfor storstilt import av soya til produksjon av kjøt er riktig, men det norske kjøtforbruket er i dag for høgt og må reduserast. Bruken av fossil energi i landbruket må fasast ut.
12. Tida for at det var billeg å forureine er forbi. Det må bli stadig dyrare å forureine. Samstundes må kampen for omfordeling av ressursane til samfunnet forsterkast. Skattelettet må komme dei med dei lågaste inntektene til gode og dei med dei høgaste må få auka skattar.
13. Det skal alltid løne seg å velje miljøvenleg. Det må bli dyrare å ta fly der det er alternativ og billegare å ta toget. Avgiftssystemet skal alltid premiere berekraftige fossilfrie løysingar som el, hydrogen og biogass, framfor dei fossile køyretøya.
14. Det skal byggjast ut lyntog mellom norske storbyar som er konkurransedyktig med innanlands flytransport. Slik vil vi bidra til at det blir lettare å reise miljøvenleg over lengre avstandar. Nordland-, Trønder, Røros- og Raumabanen må alle bli elektrifiserte, eller vere testlinjer for hydrogentog.
15. Vi må sikre ein overgang til sirkeløkonomi. Vi må sikre at ressursar blir verande i kretslaupet gjennom avfallsreduksjon, sortering, gjenbruk, attvinning og utstrakt delingsøkonomi. Prisen på å ta ut nye ikkje fornybar råvarer må opp og kostnadane for å attvinne må ned.
16. Kommunane må følgje opp målsettingar om kraftige kutt. Viktige tiltak i kommunane er miljøvenleg transport, reduksjon av energibruk i eigne bygg og ein arealpolitikk som både bidreg til redusert transportbehov og sikrar viktige naturområde. Kommunane må sikre naudsynt kompetanse på området slik at klimakonsekvensane av vedtak er kjente.
17. Det må innførast eit grønt og omfordelende skatte- og avgiftssystem i Noreg, ein grøn folkebonus. For å sikre at nye og naudsynte avgifter som gjev utsleppreduksjonar ikkje aukar økonomiske skilnader, vil SV innføre prinsippet om at kvar krone som blir tatt inn i nye miljøavgifter skal tilbake til folket. Dette kan byggje på ideen om karbonavgift til fordeling (KAF) eller andre ordningar.